# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - april 2017 49. årg.





**Familiefokus**
side 8



**Ugla**
side 10



**Konfirmantane**
side 14



**Påskenatt**
side 19

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakonvikar: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 48 89 72 32
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 77
Konst. kyrkjeverge: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland (Sjukmeldt)

**Time**
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Klokkar:
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø tlf. 950 20 920
Barne- og ungd.arbeider Marion Lende tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422
Ungdomsarbeidar Morten Bjorland tlf. 954 48 222

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189
Administrator Lye: Sigurd Idland (permisjon til 31.07.17)
Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809
Leiar i søndagssk.: Anne Gunn Vassbø tlf. 481 03 949

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: Johannes Nedrelid tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kari Skare Sikveland tlf. 959 29 283
Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909
Barne- og familiepastor: Tove Hersdal tlf. 922 57 342
Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.sokneraad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.sokneraad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.sokneraad@time-kyrkja.no

# Til ettertanke

*«...Et stille rom fordi vi selv trenger det, og fordi vårt forhold til Gud kan trenge det.»*



*Kjell Børge Tjemsland*

## Stille rom

**På Obrestad fyr er det et døgnåpent tilbud for alle, et «Stille rom». I rommet er det bokstavelig talt helt stilt.**

Rommet brukes av mange, noe gjesteboka viser. Her finner folk stillhet og ro, her er det mulighet for ettertanke og bønn. Det er et rom som gjør oss godt når det brukes. Det er mentalhygiene å sette seg ned og la stillheten og roen sige inn i kropp og sjel. Der er også en mulighet til å be til Ham som ga oss et forbilde i det å benytte oss av det stille rom, alene og sammen med vår himmelske Far.

Jesus brukte jevnt det stille rom, da primært forstått som å gå avsides. Han inviterte også disiplene sine med på det: «Kom med meg til ein aud stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt!» (Markus 6,31). Jesus trengte det, disiplene gjorde det, og vi bør også innvilge oss det i vår hektiske hverdag. I stillheten åpner vi opp for våre egne følelser, den er en mulighet til å få tenke igjennom krevende saker vi står oppe i, den gir oss mulighet for å la gleden få slippe løs. Kort sagt, stillheten gjør oss på alle måter godt, også i relasjonen til Herren Jesus.

Påsken handler bl.a.om Jesus som søkte stillheten i Getsemanehagen. Der utkjempet han en kamp med sin egen uro og redsel, men også en kamp i forhold til den oppgaven han hadde tatt på seg og fått av Gud: korsfestelse og død som skulle forsone Gud med oss mennesker. I stillheten hentet han styrke for denne oppgaven. Han seiret for at vi skulle få leve, for at vi skulle kunne møte Gud og være hans barn.

Faste- og Påsketiden anbefales å bli brukt til noe mer stillhet enn det vi ellers innvilger oss. En stillhet som samtidig også åpner opp Påskens store drama og mysterium for oss. Gå gjerne avsides til et «Stille rom», gjerne i Obrestad fyr og naturen langs Kongevegen, eller andre steder. Et stille rom fordi vi selv trenger det, og fordi vårt forhold til Gud kan trenge det.

Velsignet Faste- og Påsketid. Kristus er oppstanden. Gud er en forsonet Gud.

*Kjell Børge Tjemsland*
*Prost Jæren prosti*

### Å salige stund uten like

*Å salige stund uten like.*
*Han lever, han lever ennu!*
*Han vandrer i seieren rike.*
*Min sjel hvorfor sørger da du?*
*Han er ikke lenger i graven,*
*hvor bleknet i døden han lå.*
*Jeg levende så ham i haven,*
*og aldri så skjønn jeg ham så.*

*Han lever, og jeg skal få bringe*
*hans venner det salige ord.*
*Tenk, jeg som er ringest blant ringe,*
*den minste han kjenner på jord.*
*Tenk, jeg skal hans hilsen frembære.*
*Å, kunne jeg synge det ut.*
*Mer kunne ei engler begjære*
*enn gå med så salig et bud.*

*Å salige stund uten like.*
*Han lever, han lever ennu!*
*Han vandrer i seierens rike,*
*Min sjel hvorfor sørger da du?*
*Du søkte din trøst i den døde,*
*og dvelte ved gravnatten kun.*
*Så fikk du den levende møte.*
*Å salige, salige stund.*

*Tekst: Johan Halmrast 1890*
*Melodi: Kristian Wendelborg*

# Påskesalme

***...”han lever, han lever ennu!”***

Denne kjende og kjære salmen skreiv Johan Halmrast i 1890. Opphaveleg hadde han tittelen *Maria Magdalenas jubel* fordi salmeteksten byggjer på forteljinga om møtet mellom Maria Magdalena og den oppståtte Kristus.

Nils Petter Enstad skriv i boka «*Jeg som er ringest blant ringe*» at Halmrast truleg fekk inspirasjonen på eit møte i Frelsesarmeen der han lytta til ein tale som tok utgangspunkt i Joh. evangeliet kap.20. At Jesus stod opp frå dei døde, er kjernen i evangeliet, og det er denne oppstodevisjonen som må ha gripe Halmrast og gjorde at han gjekk heim og skreiv tekten til *Å, salige stund uten like.*

Johan Halmrast hadde eit stridt livsløp og døydde fattig og einsam i 1912, berre 46 år gamal. Livet hans vart langt frå «noen salig stund», og i gravferda var det berre faren, broren, fire offiserer frå Frelsesarmeen til stades. Men bodskapen i salmeteksten har levd vidare, og for mange, og utanom landegrensene våre, er kanskje dette den aller ypperste av påskesalmane som så sterkt poengterer at: *han lever, han lever ennu!*

Kristian Wendelborg har skrive melodien til salmen.

*AV*


# Miljø, møteplass og misjon

**FRETEX butikk Bryne**
**Parken senter** Inngang ved hjørnet til Edlandsbakken og Meierigata
**måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00**
**Vi tar imot og sel:**
**Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møblar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.**
**Telefon 922 09 638**

**NMS Gjenbruk Bryne**
**Parken senter** Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata
**måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00**
**Vi tar imot og sel:**
**Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, stearinlys, leikar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.**
**Vi tar også imot stumpar av stearinlys**
**Telefon 400 37 151**


*Foto framside: ”Lam på Slettene”, av Tor Magne Undheim*


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad og Knut Aalgaard.
Layout: Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 18. mai.
Neste nr. kjem ut ca. 8. juni 2017.

# Herrens bøn (Fadervår)

«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bøna, kjem ofte som ei lang oppramsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bøna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvart menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, fylgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filipparane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan kvila i. Kvart ord me kan nytta i bøna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvart menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bøna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvart sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekoret er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

*I Helgedagen har vi nå ein serie om Herrens bøn eller Fadervår. Bøna er kyrkja si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed ilag med heile kyrkja og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem neste del.*

**Femte bøna:**
**«Tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.»**

***Kva tyder det?***
**- Vi bed i denne bøna at vår himmelske Far må sjå bort frå synda vår, så han ikkje seier nei til det vi bed om. Vi er ikkje verde å få noko av det, for vi syndar dagleg og fortener berre straff; men han vil gje oss alt av nåde. Så vil vi, på vår side, av hjarta tilgje og gjera vel mot dei som syndar mot oss. (Den vesle katekisma, Norsk Salmebok 2013, s1283f)**

Fordi du fortener det! Slik møter reklamen oss. Men kva om det verkeleg var slik? Kva har eg og du gjort for å fortena dagleg brød? Kva har eg og du gjort for å fortena bøneretten hos Gud, eller for få del i hans rike? Og kva har eg og du gjort for at han vilje skal skje gjennom oss?

Sanninga om oss er at me ikkje maktar å byggja opp ein lønnskonto hos Gud, som me sidan kan hausta av. Nokon gonger hører eg det sagt om eit menneske: Ho gav meir enn ho fekk. Slik er det alltid med Gud. Han gir meir enn han får. Og som den gode Far han er, held han fram med å gi av sin godleik. «Han vil gje oss alt av nåde.»

«Eg ska trega deg igjen,» sa me når eg var unge. Ein av kameratane hadde gjort oss noko vondt. Me fekk ikkje vera med han. Han delte ikkje med seg. «Eg ska trega deg igjen!» Tanken om hemn ligg oss nær. Me ser det, når noko vondt har skjedd rundt oss. Det går ikkje lenge før media spør etter det me alle tenkjer: Kven har ansvaret for dette? Kven kan me ta? Kven skal får svi? Då nyttar det ikkje å seia: Eg gjorde så godt eg kunne. Nei, ansvaret er klart. Du må tola dommen.

Jesus, vår bror stiller seg med sida vår. Han ber vår skam. Han ber vår skuld. Han toler dommen i vår stad. «Men i vår tid ville Gud visa si rettferd, både at han sjølv er rettferdig, og at han seier rettferdig den som trur på Jesus,» skriv Paulus i Romarane 3,26. På våre vegner gjorde Jesus opp for synda då han døydde på krossen. Og då han stod opp frå dei døde, gjeld det at kvar den som trur på han, er rettferdig. Kvar den som trur at Jesus er einaste berging for han eller henne. Paulus spør i Romarane 8,33-34: «Kven vil koma med skuldingar mot Guds utvalde? Gud er den som frikjenner. Kven kan då fordømma?» Der er alltid nokon som vil trega oss igjen. Og om der ikkje er nokon andre, så klarar jammen samvitet vårt å dømma oss. Men for den som er i Kristus Jesus er der inga fordømming. Så bed me at Gud må la oss tru at me er tilgjevne.


**Herrens bøn (Fadervår).** *Bøna er retta mot første personen i Gud, Faderen*

*Foto: KAA*

«Tilgjev kvarandre, liksom Gud har tilgjeve dykk i Kristus Jesus,» står det i Efesarane 4,32. «Slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.» Korleis er det med tilgjevinga? Er den eit krav Gud legg på oss som vilkår for at han skal tilgje oss? Eller er det slik, at trongen og viljen til å tilgje andre blir gitt den som sjølv er tilgjeven mykje? Eg trur det er det siste som gjeld. Hos den som sjølv er tatt imot og tilgjeven av Gud, kan trong og vilje til å tilgje andre veksa fram.

Tilgjeving er ikkje lettvint. Jesus tok ansvaret for vår urett då han døydde på krossen. Når eg og du tilgjev ein annan, tar me konsekvensen av det vonde som hende på oss. Me ber prisen for det som hende, utan å krevja den andre til oppgjer.

Mange opplever at dei blir sette frie når dei får tilgje. Dei er ikkje lenger fanga av den som gjorde vondt. Kravet om oppreising og oppgjer, har ikkje lenger makt over dei. Det er sjølvsagt godt om den som gjorde vondt oppriktig bed om tilgjeving. Det treng me alle å øva oss i. Men at den andre ikkje kjem, eller av ulike grunner ikkje kan koma, tar ikkje frå oss sjansen til å tilgje. Så bed me at Gud må læra oss å tilgje.

*Gunnar Frøyland*

## Herrens bøn - "Vår far"

**Vår Far i himmelen!**
**Lat namnet ditt helgast.**
**Lat riket ditt koma.**
**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.**
**Gjev oss i dag vårt daglege brød,**
**og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.**
**Og lat oss ikkje koma i freisting,**
**men frels oss frå det vonde.**
**For riket er ditt og makta og æra i all æve.**
**Amen.**

# Torstein Tunheim fortel



Torstein Tunheim i stova heime på Tunheim

**Her om dagen vart eg sitjande med ein litt eldre kar som eg ikkje hadde prata med tidlegare. Det var Torstein Tunheim. Han fortalte ei god historie om Slettene på Undheim. Etterpå bøygde eg meg over til han og sa:**
***- Den passar i Helgedagen!***

Vi avtalte å møtast att, og nokre dagar seinare hadde eg den store gleda å møta han i heimen på Tunheim. Torstein er ein framifrå forteljar, og eg tok opp orda hans på mobilen og skreiv dei av, mest ordrett, slik han la dei fram.

Her er historia:
*"Når me så er høgaldra, tenkje tebake te gamle dager eller svunne tider så minnes me litt det som var med og gjorde det litt ekstra på dagen. Folk var vande te laga det moro sjøl og dei var gode te å skildra ting dei hadde opplevd.*

*Slik var det med ein kar nede på Tunheim. Kristoffer hadde haurt gjete at det var så mye snakk om at på Slettene der hadde det forandra seg så voldsomt. Det skilde seg ut både i hage og tun. Dei hadde vorte vel vaksne desse to brørne, Torvald og Palmer, som dreiv garden. Så var det at det kom ei lærarinna te bygdå og det var ikkje berre det at ho lærte ungane te verta gode samfunnsborgarar, men op*
*pe i kapellet på Undheim vart ho aktiv med i eit miljø. Der fant Torvald kjærlighet te denne nye lærarinna som heitte Anna og som han seinare vart gift med. Dei to gjorde seg nok ein voldsomme stas på eiendommen sin og færde det te slik at det skilde seg heilt ut her i bygdå vår.*
*Dette haurde han Kristoffer om kor flott det var på Slettene og nå tenkte han at: Nå vil eg gå og sjå sjøl om det er så fint som det verte skildra der oppe. Han tok staven og for opp og var hjarteleg velkommen der te gards. Dei viste at dei nok var litt stolte av det au, det dei hadde fått te i lag, Anna og Torvald.*
*Ja, Kristoffer rusla heimatte og tenkte på det at det var nok slik at på Slettene var det voldsomt flott. Då han kom heim te Gurina, kånå si, så sa han det: Du Gurina, når Anna og Torvald kjeme te Himmelen så kjeme dei te å seia: Å, er der ikkje aensleis!."*
*Torstein Tunheim, 27. feb 2017, Tunheim Gård*



*Anna og Torvald Undheim som gorde Slettene vakker*



*Slettene slik det var i "gamle" dagar*



*Slettene i nyare tid (2012)*

*Tekst og nyare foto: KAA*

# Mange vil bli "Time-kompisar"



*Torill Lode er dagleg leiar for Time Frivilligsentral*

**Time Frivilligsentral starta i fjor haust prosjekt "Time-KOMPIS". Det er eit integreringstiltak der ein timebu vert kopla til ein flyktning eller innvandrar, og dei avtaler å møtast seks gonger i løpet av tre månader.**

- Det er stadig nye norske som melder seg på, fortel Torill Lode som er dagleg leiar av Frivilligsentralen. - Begge partar har uttrykt glede over å få delta.

Time Frivilligsentral formidlar kontakt mellom folk i lokalmiljøet, og prosjekt TimeKOMPIS er eitt av fleire opplegg for å hjelpa innvandrarar. Torill opplyser at dei pr 6. mars har fått 32 damer og 22 menn med på prosjektet. Både ordførar og rådmann var med i første runde, og nå er nyleg tredje pulje starta opp.



*Mai Der Nawn Tial Hlawnceu og Brit Nilsson Edland er blitt godt kjende gjennom prosjekt TimeKOMPIS*

- Det første og siste møtet er felles. For dei andre møta er det opp til kvar enkelt å avtala kor dei skal treffast og kva dei skal gjera. Mange held fram med å ha god kontakt etter den tidsavgrensa perioden. Uansett er nettverket utvida.

Helgedagen møtte Tial og Brit, TimeKOMPISAR frå i fjor haust, for å høyra litt om erfaringane med prosjektet. Mai Der Nawn Tial Hlawnceu kom til Time frå Myanmar (Burma) i 2012 og Brit Nilsson Edland er rådmann i kommunen.
- Ja, me har hatt kjekke og lærerike treff. Dette er eit viktig tiltak, og det er så bra at mange vil bli med, seier Brit.
Tial har og berre godt å seia om opplegg og erfaring: - Det har vore fint å bli kjend med Brit. Og eg har lært mykje nytt. Eg er ivrig etter å læra norsk, få øving i å snakka, og på ein slik måte blir det ekstra gildt.

Dei har gått turar i Sandtangen, vore på kafé saman og gått på biblioteket. Begge synest biblioteket er flott og har blitt ein viktig arena på mange måtar.
- Mi erfaring er at dette er eit prosjekt der mange kan bidra på sin måte. Det er eit poeng at det er balanse, at ein foreslår ting annankvar gong, slik at ikkje ein part tek styringa, meiner Brit. – Eg har lært masse om Myanmar, som til dømes om folkeliv, geografi, vegar, historie og tradisjonar.

Tial trivst på Bryne og gjennom prosjektet har ho fått utvida nettverk og er blitt betre kjend med byen og turområdet i Sandtangen.

I januar i fjor overtok Time kommune ansvaret for drifta av Frivilligsentralen.

*Tekst og foto: RT*

# Familiefokus på Bryne




*Teknikken må fungera i bandet*

**Fakta:**
**"Familiefokus etter skuletid" er born frå 3. – 7. kl. si eiga gudstenestegruppe. Samling kl 13 – 15 i kyrkja tysdagen før Familiefokus-gudstenesta – med mat, leikar, øving og planlegging av gudstenesta. Om lag ein gong i månaden - med gjennomsnittleg 130 på gudstenestene.**



*Vaksenleiarane Bjørn Inge Hauge og Marit Høie Hetland*

Helgedagen får møta dei to eldsjelene Marit Høie Hetland (diakon) og Bjørn Inge Hauge (dagleg leiar, Bryne) på kyrkjekontoret før februar-gudstenesta med Familiefokus.

Dei fortel at Familiefokus er eit tilbod for heile Bryne. Brynekyrkja er også borna si kyrkje, så deira innspel blir tekne på alvor. Dei skal ikkje berre vera på sidelinja, i gudstenesta er dei hovudaktørane. Det er borna si gudsteneste.
– Me vil skapa eit miljø der borna trivst, har det gildt – og der dei får møta Gud. – Borna har mykje å læra oss vaksne, dei er ei gåve. Marit og Bjørn Inge får også positive tilbakemeldingar frå kyrkjelyden, og dei opplever arbeidet som veldig meiningsfullt.



*Samuel trur det er Eli som ropar*



*"Fire i sofaen". Rolf Heskestad får viktige spørsmål frå jentene: Har du høyrt Guds stemme som Samuel? Kvifor trur du? Kva betyr Gud for deg? Kva gjer du når du ber?*

Tilbodet "Familiefokus etter skuletid" er ope for alle, men på grunn av mat og andre aktivitetar, må dei ha ei påmelding. Denne tysdagen var dei 15 born, så det er greitt å vita på førehand om lag kor mykje mat ein treng. På tysdagsprogrammet er det først fri leik mens alle kjem seg på plass. Så kjem maten, og dei et i lag før dei deler seg inn i mindre grupper for å planleggja gudstenesta.
På søndagen, om lag ein time før gudstenesta startar, har dei generalprøven sin. Då er det viktig at alle veit kva dei skal gjera, kva som er deira plass og oppgåve, slik at dei opplever å lukkast. Då vert gudstenesta ei god oppleving også for aktørane.

Aktiviteten er stor for at alt skal vera på plass før klokka elleve, og mange er i sving, både vaksne og born. Kyrkjerommet skal ommøblerast med plass til bord på sidene – og hoppeslottet. Rolf Heskestad og Sigmund Hareland står for riggingа. Marit og Bjørn Inge har denne søndagen hjelp av Oddny Underhaug til song, musikk og drama.
Ein liten musikal om Samuel og Eli skal ferdigøvast. Ei siste justering trengst også på piano- og fløytespel - og til korsongen. Bandet med ukulele og diverse gitarar i samspel med nettbretta strevar litt med den tekniske sida, så det er fint å ha teknikar Jens Olav Hetland på sidelinja. Ikkje rart at dei vaksne sveittar litt, men dei er utruleg rolege likevel.

Dei minste gudsteneste-medhjelparane går i 1. eller 2. klasse. Dei blir kalla ministrantar, og er i dag to førsteklasse-jenter. Dei får hjelp av Marit til å øva på oppgåvene sine: Ønskja velkommen ved inngangen, klokkeslag med klokka inne i kyrkja, lystenning og hjelp ved nattverden.

Intensiteten siste timen før gudstenesta startar, roar seg stille ned til ei kort bønestund før folket strøymer inn. Og det er imponerande at så mykje som såg litt kaotisk ut på øvinga kan enda i ei så flott gudsteneste. Fint å vera til stades!

Det er plass til fleire born. Dette tilbodet er ikkje knytt til nokon skulekrins, men er meint for dei som ønskjer å ha Brynekyrkja som sitt gudstenestefellesskap. Skriv ein e-post til diakon@time-kyrkja.no dersom du vil vera med!

*Tekst: LHH*

*Foto: Leif Christian Harboe og Liv Helene Håland*




*Songarar og nokre drama-deltakarar i musikalen om Samuel og Eli*



*Oddny Underhaug øver med glade songarar*



*Ministrantane får hjelp av Marit*



*Unge, dyktige utøvarar: pianist og songar*



*Aktivitet i kjellaren etter gudstenesta*

# Fire tiår - Ugla gutelag på Undheim



*Ungdomsleiar Jarle Kartevoll vitjar gutelaget som han sjølv var med i då han var gut*

**Ola Mellemstrand og Amund Undheim har vore med frå starten. Still going strong! Nå er dei seniorar og bestefedre! Smilande og trygge går dei omkring blant kvikke gutar og unge leiarar i sløydsalen på Undheim skule. To gonger i månaden, annankvar tysdag, er det samling i Ugla gutelag.**

I desember var det 40 år sidan desse to, då unge fedre, var med og starta gutelaget på Undheim. Amund seier at det var barneforening for jenter, så derfor burde sønene i bygda også ha eit tilbod. Når dei fortel om programmet gjennom desse åra, skjønar me at dette har vore ein stad gutar trivst. Engasjerande aktivitet, leik, bibel og misjon har vore faste element. Gutar frå 4.klasse og oppover er velkomne. Tilbakeblikk på 40 år fortel at omlag 350 gutar har gått i Ugla ein periode.

## Oppstarten

Tre lærarar og tre bønder starta gutelaget i desember 1976: Leiv Gauksås, Steinar Sandvik, Harald Claudius, Nils Kjell Sikveland, Ola Mellemstrand og Amund Undheim. Det er spesielt for ei barnegruppe å ha så mange leiarar. Kanskje det er grunnen til at trivselsfaktoren alltid har vore høg. «Gutane er skuffa av dokke leiarar», høyrde dei frå ein far. Sonen var lei for at gutelaget ikkje var kvar veke.

## Variert program

Eg fekk ikkje med meg alt av program denne kvelden, men forsto at skyting med luftgevær, i eit tilstøytande rom, var populært. Elles kan det vera bogeskyting og landhockey. Fast på programmet i eit semester er elles kosekveld med pizza og besøk av presten. Haustsemesteret har hausttur og juleavslutning, og vårsemesteret leirkveld, basar og vårtur.
Turane kan vera lange eller korte. Det er viktig at gutane vert godt kjende i si eiga bygd. Eit populært turmål er Myrane og torvskjering.
- Så sluttar me av i april når lemminga begynnar, seier Amund.

Denne tysdagskvelden i februar 2017 startar med andakt. Ikkje med hysj, hysj-oppstart og sit stille. Nei, dei sto mellom høvelbenkene då Rune Rasmussen ved eit grep fanga oppmerksomheten. Bibelforteljinga om Daniel i løvehola var temaet, og gutane fekk kvar si rolle, mens dramet utspelte seg rett framfor oss. Dei største gutane var muren rundt løva dit Daniel skulle kastast. Spenning og stillhet. Alle var intenst med heilt til Daniel kom uskadd ut frå løvehola, og hendinga fekk ord.

Så pling! Alle gutane bort til vindusveggen. Quiz! Dette var tydelegvis ikkje første gongen. Her var rutine og merksemd på topp. - Ver kvikk, finn det rette svaret og vis ja eller nei med handa. - Dei som svara feil, jumpa automatisk ned på golvet. Det galdt å bli sitjande på benken til siste nikk. Jo, det vart ein vinnar som fekk sjokolade. Men det var knapp tid til å tenkje seg om, for meg i alle fall. Høyr dette spørsmålet t.d. Rune spør raskt: - Kan eg hoppa høgare enn Høghuset? Tenk det! Me kan alle hoppa høgare enn Høghuset, for det kan ikkje hoppa.



*Leiarane frå venstre: Kjell Einar Soldal, Norodd Sikveland, Ola Mellemstrand, Torbjørn Garborg, Rune Rasmussen og Amund Undheim*



*Rune Rasmussen instruerer bibelforteljinga Daniel i løvehola*

## Korleis er det å gå i gutelaget?

Dei hadde nesten ikkje tid til å svara, i alle fall ikkje tid til å konsentrera seg lenge om mine spørsmål. For eg vandra mellom høvelbenkene mens dei arbeidde ivrig i grupper med skruer og lim og halvfabrikata. Dette skulle bli flotte gevinstar til misjonsbasaren for NMS, Det norske misjonsselskap. Det vart fleire ferdige produkt denne kvelden, og noen skulle selgja nummer på handelslaget. Alle var veldig fornøgde med livet og arbeidet i Ugla. - Alltid gildt å gå her, sa dei. Høgdepunkt var den faste haustturen til Ola. Då er garna sette i vatnet, bålet lyser og det er varm grill når dei kjem dit i halvmørket. Alle er med og trekkjer garn, reinsar fisk, steiker og dei et i lag. Å klargjera fisken er visst ikkje like greitt for alle. «Nogen he' toge i ein fisk for fyste gong på den turen», fekk eg høyra. Eit anna fast høgdepunkt er juleavslutning hjå Amund på Lende. God mat og lysbilete og jul.

## Ungdomsleiar i kyrkja

Jarle Kartevoll er nå ungdomsleiar i kyrkja. Denne kvelden var han innom gutelaget, der han sjøl har trødd sine barnesko for ca. 15 år sidan. - Det var ei gild tid. Me fekk skyta med luftgevær, det var innebandy og leiarane likte også å leika. Det aller gildaste var hausturane til Mellemstrand. Å få trekkja småaure, jobba med fisken, vera i lag rundt bålet, rasa rundt i tre og buskar i halvmørket skapte stemning og spenning. Nå er eg med i ungdomsarbeidet i kyrkja. Mange av dei som er her i kveld kjem til oss når dei vert eldre.

Samtalen med Jarle minner meg om ei julemesse på Undheim for eit par år sidan. Eg snakka med Ola Mellemstrand ved inngangen, mens folk strøymde inn til familiemøtet. «Mange av desse har gått i gutelaget. I dag kjem dei hit med familiane sine». Det kom så stille, men eg merka meg stort perspektiv over dei få orda.

## Unge leiarar på banen

Amund og Ola kan gleda seg over at det alltid har kome unge vaksne i gutelaget. Torbjørn Garborg er leiar frå 2015. Då sonen begynte i Ugla i 2010, vart faren med som vaksenleiar. Han har sjølv fartstid der frå 1979. - Det mest spennande var weekend til Strandleiren og Furutangen leirstader, seier han. Rune Rasmussen, Norodd Sikveland, Kjell Einar Soldal og Nils Arne Fosse er dei andre vaksenleiarane nå. Det gode samarbeidet med idrett og andre lag gjer at tilboda til borna i fritida er koordinerte.

## Den grøne bygda

Eg får ikkje Amund og Ola på banen når eg undrar meg over at det går an å vera aktiv i gutelaget i 40 år. Dei fortel kor gildt og gjevande det har vore. Om nyinflytte til Undheim som vart inviterte til å vera med og kom med nye tankar og idéar. Dei snakkar om godt samarbeid og fellesskap. Dei snakkar vel om Undheim, men gir liten plass til seg sjøl.

Sett utanfrå er det i alle fall eit tak å vera med å byggja, formidla verdiar og retning for livsvegen til barn og unge i så mange år. Kva tenkjer eg nå? Jo, at liv og lære går hand i hand. Det grønkar og gror på mange plan i Den grøne bygda.

*Tekst: emb, Foto: Gabriel Tengsareid*





*Amund Undheim og Kjell Einar Soldal hjelper til og viser korleis det kan gjerast*



*Nokre av produkta som borna har laga*

Frå tur til Mellomstrand
*Foto Tor Gauksås:*



*Gutane trekkjer garnet*



*Helgedagen ved Else-Marie Bue i god samtale med veteranane Ola Mellemstrand og Amund Undheim*



*Norodd Sikveland hjelper til*

# Ungdom og påske



**Morten Bjorland**
**23 år**
**Gift med Johanna**
**Bur på Nærbø**
**Ungdomsarbeidar i Brynekyrkja**

Helgedagen møter Morten Bjorland for å prata om påske og ungdomsarbeid.

**Først Morten, kva hugsar du om påske frå barneåra?**
- Eg hugsar vår, sol og varme og fjellturar. Det var som om sommaren var der, sjølv om det enno var vinter og kaldt.
Frå siste åra har eg gode minne frå påskenattgudstenesta i Time kyrkje. Me er saman med venner. Jesus samlar oss til nattverd. Det gjer godt. Gudstenesta med mørke og lys og opplevinga når me syng «Deg være ære» ute på gravplassen rører ved noko i meg.
Du inviterer med deg Ungkyrkja til påskenattgudsteneste i år óg?
- Ja, eg ser fram til påskenatt med Ungkyrkja. Time kyrkje opnar dørene og det kjem folk frå ulike kantar og miljø i kommunen. Det er fint å treffa kvarandre og sjå at me er mange.
Eg drøymer om at ungdommane når dei kjem heim, har med seg ei oppleving av eit fellesskap der dei høyrer til og ei kjensle av å ha vore nær noko annleis. Og så vil eg at dei skal ta med seg forteljinga om det som skjedde med Jesus i påska. Kanskje dei kan tenka på kva det betyr for dei og i deira liv.

**Kan ein 15 åring i 2017 forteljinga om kva som skjedde med Jesus i påska.**
- Det er nok ulikt frå den eine til den andre. Nokon har mykje kunnskap med seg frå heimen eller andre samanhengar der dei har vore. Andre kan mest ingenting.
Akkurat dette gjer det svært spennanda å ta del i konfirmantundervisninga. Der møter eg ungdommar frå alle miljø. Det er ei utfordring å snakka om Jesus til menneske som veit lite om han frå før. Ein måte å gjera det på kan vera å la påskeforteljinga forklara kvifor me har ei veke fri. Samtalen med konfirmantane og ungdommane i Ungkyrkja er viktig og lærerik for meg.

**Kva er Ungkyrkja?**
- Ungkyrkja samlast kvar torsdag. Her kjem ungdommar frå åttande klasse og oppover. Me held til i kjellaren i Bryne kyrkje. Me opnar dørene klokka sju til kiosk, pizza, spel og bordtennis. Klokka halv ni samlast med til informasjon, lovsong og andakt. Etterpå er me sosiale til me går heim i titida.
